

Olje- og energidepartementet

[postmottak@oed.dep.no](mailto:postmottak@oed.dep.no)

Knarvik, 31. januar 2021

### **Merknader til Statnett si konseptvalutgreiing (KVU) med behovsvurdering og ekstern kvalitetssikring, for Bergen og omland og den eksterne kvalitetssikringa**

Regionrådet Nordhordland viser til KVU og rapporten frå Oslo Economics er lagt ut på høyring på <https://www.regjeringen.no/no/dokument/hoyringar/>.

Her fylgjer høyringsuttale frå Regionrådet Nordhordland. Denne er også basert på dialog og tett samarbeid med næringslivet i regionen gjennom Nordhordland Næringslag.

Regionrådet stiller seg bak den uttalen Vestland fylkeskommune har gitt. Regionrådet viser her til det tette og gode samarbeidet som har vore mellom Regionrådet, næringslivet i regionen og fylkeskommunen i diverse møte med Statnett.

Tilleggscommentarar:

1. Regionrådet Nordhordland meiner det er grunn til å tru at kraftforbruket vil auka framover grunna elektrifisering av industri og transport, ny næring, folkeauke, hydrogenproduksjon, mv. Regionrådet Nordhordland meiner Statnett må leggja til grunn at samfunnsøkonomisk gevinst vil auke ved tidlegare ferdigstilling av tiltak. Regionrådet Nordhordland meiner Statnett må leggja til grunn høgare vekst enn det som er brukt i middelsscenarioet i analysane. Me ber om at dette vert analysert grundigare.
2. Nettkapasiteten i denne regionen har blitt betydeleg styrka dei siste åra. Det har blitt bygget ny forbindelse dimensjonert for 420 kV frå Kollsnes til Mongstad (2017) og vidare til Modalen (2019). Statnett og BKK Nett er i gang med å auke kapasiteten trinnvis inn til og i området for å leggja godt til rette for ein ønskja og aukande elektrifisering og industrivekst. Som eit første trinn vert kapasiteten auka i fleire transformatorstasjonar og Statnett skal auke kapasiteten mellom Litle Sotra og Kollsnes ved å dublera kabelforbindelsen på denne strekningen. I dagens planstatus skal tiltaka fullførst i løpet av 3-6 år.

Regionrådet Nordhordland meiner dette arbeidet må forsterkast, forserast og forplikta krafttilgangen i området ytterlegare slik at regionen kan tilby kraft til konkrete industriprosjekt fram til ny forsyning er på plass.

3. For å møte kraftbehovet i regionen er det i KVU peika på at det er naudsynt å byggja ein tredje forbindelse ut til Kollsnes – Mongstad i tillegg til å oppgradera eksisterande nett.

Ein tredje forbindelse vil ivareta forsyningsikkerheita til eksisterande og nye kundar, samt behovet for fornying av kraftnettet i området. Igjen er det viktig for regionen å understreka at denne nye forbindelsen, saman med oppgradering av eksisterande nett, må realiserast så raskt som mogleg.

Med venleg helsing



Karstein Totland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland  
Vestland fylkeskommune  
Nordhordland Næringslag